



Aurland kommune

**FORSKRIFT FOR AURLAND KOMMUNE TIL LOV OM MOTORFERDSLE I
UTMARK OG PÅ VASSDRAG FASTSETT AV AURLAND KOMMUNESTYRE
16.09.04, sist endra 18.02.2010.**

Denne forskrifta gjeld for motorisert ferdsle i utmark og på vassdrag i Aurland kommune, og utfyller dei føresegnene som er gjevne i Lov av 10. juni 1977 og Forskrift av 15. mai 1988. Forskrifta er fastsett av Aurland kommune den 16.09.04 med heimel i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag 10. juni 1977 § 4 siste ledd og § 5 punkt b, endra i K-sak 13/10.

- § 1 I Aurland kommune er all ferdsle med motorfartøy på vassdrag forbode
- § 2 Utan hinder av § 1 er det likevel lov å bruke motorfartøy (motorbåt) med motoryting inntil 10hk. på fylgjande vatn/vassdrag i Aurland kommune :
- Konghellervatnet
 - Langavatn/Adamsvatn
 - Nyhellervatnet
 - Store Vargevatnet
 - Svartavatnet
 - Vestredalsmagasinet
 - Store Liavatnet
 - Viddalsmagasinet
 - Vassbygdevatn
 - Katlamagasinet
 - Vetlebotnvatnet